

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 11.09.2019
SAKSHANDSAMAR: Michael Brune
SAKA GJELD: **Forslag til revidert styreinstruks for Helse Vest RHF**

ARKIVSAK: 2019/8030
STYRESAK: **101/19**

STYREMØTE: **30.09.2019**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret vedtek forslag til revidert styreinstruks som ny styreinstruks med verknad frå møtedato.

Oppsummering

Med bakgrunn i handsaminga av sak 024/19 i styremøte 6. mars 2019 er det utarbeidd revidert styreinstruks for styret i Helse Vest RHF. Det blir og vist til sak 089/19 kor styret blei orientert om at ein vurderte det som føremålstenleg å foreta ein grundigare gjennomgang av styreinstruksen.

Forslaget til revidert styreinstruks er gjennomgåande revidert både med tanke på struktur og innhald.

Fakta

Styreinstruksen for Helse Vest RHF inneheld mellom anna føresegner om strukturen på styrearbeidet, krav til styredokumentasjonen, sakshandsaminga i styret og rettane og pliktene til styremedlemmene. Instruksen inneheld òg ei overordna rolleavklaring mellom styret og dagleg leiar.

I samband med handsaminga av sak 024/19 (Årleg gjennomgang av styrande dokument for styret i Helse Vest RHF) peika styret på Dokument 3:2 (2018–2019) «*Riksrevisjonens kontroll med forvaltningen av statlige selskaper*» i 2017, og ønskte ei vurdering av om styreinstruksen bør justerast for å følgje opp funn i Riksrevisjonen sine undersøkingar. Riksrevisjonen sine hovudfunn knytt til styra sin oppfølging av kvalitet og pasienttryggleik i spesialisthelsetenesta var mellom anna følgjande:

- Styra er for passive i å sjå til at dei får naudsynt informasjon om vesentlege utfordringar, noko som er naudsynt for å kunne føre tilsyn med at føretaka har forsvarleg drift og jobbar systematisk med kvalitetsforbetring.
- Det er kritikkverdig at mange av styra ikkje føl godt nok opp at risikostyringa og styringssystemet fungerer, og at dei dermed ikkje har tilstrekkeleg kjennskap til om det bidreg til kvalitetsforbetring.

Gjeldande styreinstruks gjentek mykje informasjon frå helseføretakslova, vedtektene og rettleiaren for styrearbeid i regionale helseføretak utarbeidd av Helse- og omsorgsdepartementet. Ein såg det derfor føremålstenleg med ein grundigare gjennomgang av styreinstruksen for Helse Vest RHF i samband med oppfølging av styresak 024/19.

Kommentarar

Administrerande direktør har vurdert det som naudsynt å revidere styreinstruksen for å følgje opp funna frå Riksrevisjonen sine undersøkingar. Gjeldande styreinstruks sin ordlyd kan seiast å romme oppfølging av kvalitet og pasienttryggleik, samt kontroll med risikostyring og styringssystem. Ein vel likevel å angje desse oppgåvene eksplisitt i forslag til revidert styreinstruks, sjå forslaget pkt. 3.1 nr. 4 og pkt. 3.2, for å tydeleggjere styret sitt ansvar.

Ut over dei nemnde presiseringane i instruksen har det vore gjort ein gjennomgåande revisjon av instruksen. Ein har i revisjonen tatt sikte på å unngå gjentaking av informasjon

som finns i andre kjelder, hovudsakleg helseføretakslova, vedtektene og rettleiar for styrearbeid i regionalt helseføretak. Tekstmengda er som følgje av dette redusert. At instruksen ikkje er ei uttømande opplisting av styret sine oppgåver og ansvar, og dermed må supplerast med andre kjelder, går fram av styreinstruksen pkt. 1.

Ein har også vald å omstrukturere innhaldet i instruksen slik at denne no følgjer ein kronologi kor ein går frå dei overordna oppgåvene til styret til planlegginga og gjennomføring av styremøta. Fleire av føresegnene er gitt nye overskrifter og ny redigering.

Gjennomgangen av styret sine hovudoppgåver er korta ned og omtaler i forslaget sitt pkt. 3 desse på eit meir overordna nivå samanlikna med gjeldande instruks.

I forslaget pkt. 6, med overskrifta «Behandling i møte», er det inntatt reglar om godkjenning av innkalling og sakliste, samt anledning til å ta opp saker som ikkje er oppført på saklista i avsnitt 5 og 6.

Forslaget sitt pkt. 11, «Oppfølging av felleseigde helseføretak», er også nytt i høve til gjeldande styreinstruks.

Vedlegg

1. Revidert styreinstruks for Helse Vest RHF

